Emneevaluering våren 2026

Emnekode og namn: NODI302/Fagdidaktikk i nordisk for integrert lektorutdanning

Faglærar si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Det var 18 studentar som deltok på kurset våren 2026. Undervisninga har bestått av åtte fysiske undervisningsøkter fordelt på dei fire første vekene i semesteret før studentane skulle i langpraksis. Tre faglærarar har delt på kurset; to med språkleg- og ein med litterær innretning.

På grunn av påskeferie frå 30. mars, fekk studentane tilgang på semesteroppgåva veka før påske, dvs. 23. mars. I emneplanen står det at studentane skal få utdelt semesteroppgåva seks veker før innlevering, men denne gongen fekk dei i alt åtte veker, og såleis heile sju veker når ein trekkjer vekk påsken. Sidan det også er eit obligatorisk arbeidskrav at dei skal ha tilbakemelding på eit førsteutkast av denne semesteroppgåva, måtte alle levera dette til den 20. april. Alle studentane fekk skriftleg tilbakemelding og deretter tilbod om friviljug munnleg rettleiing i tillegg, men ingen tok kontakt for munnleg. Eit par stykke sende nokre avklaringsspørsmål via e-post. Semesteroppgåva vart i år trekt til å vera på bokmål, og dei fekk velja mellom to oppgåver, der den eine handla om den andre leseopplæringa, og den andre om dialog som del av munnleg kompetanse. Studentane fordelte seg ved at fem stk. skreiv om leseopplæring, og 13 stk. skreiv om munnleg. Det var éin faglærar som gav respons og rettleiing til alle studentane uavhengig av oppgåveval, men faglæraren som hadde undervist i «det andre emnet» la ved ei forventingsavklaring på oppgåva som hjelp.

Det andre arbeidskravet på dette kurset, er at studentane skal leggja fram ein pensumtekst aleine eller i par. Også i år vart dei bedne om å laga dette i form av videopresentasjonar. Dei fekk litt instruksjon om korleis dette kunne gjerast på Mitt UiB, men ikkje alle fekk det tekniske til å fungera optimalt, så også andre løysingar vart aksepterte. Poenget var likevel at dei i tillegg til å laga videoen, også skulle gje respons i form av to stjerner og eit ønske til ein annan sin video. Alle fekk deretter ein kommentar frå emneansvarleg på videoane som var laga. Eit sentralt mål var også at desse videoane skulle vera tilgjengelege for medstudentane deira på emnet.

Kurset hadde 70 % oppmøte som krav, og alle studentane fekk godkjent alle krav og vart melde opp til eksamen.

Fråfall: 1

Karakterfordeling på semesteroppgåva: A: 2, B: 6, C: 6, D: 2, F: 1 (Tala tek ikkje omsyn til eventuell klagesensur.)

Studieinformasjon: Studentane har fått beskjedar på Mitt UiB og på e-post.

Tilgang til relevant litteratur: Studentane har kunna kjøpa pensumlitteratur i Litteraturkiosken til UB, men noko har også lege ute til digital nedlasting.

Stundom før, men i alle fall etter undervisningsøktene, har dei ulike faglærarane gitt studentane tilgang til aktuelt undervisningsmateriell og anna på Mitt UiB.

Faglærar si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Forelesingane har vore lagde til seminarrom eller grupperom på Sydneshaugen skole mellom kl. 12.15 – 16. Både stadene og tidspunkta har fungert greitt.

Faglærar sin kommentar til student-evalueringa

Metode – gjennomføring: Det vart sendt ut eitt digitalt spørjeskjema. Det kom ut rett før studentane skulle levera endeleg utkast på semesteroppgåva si, så det kan ha vore ein del stressa studentar på dette tidspunktet.

Berre seks av dei 18 studentane på kurset NODI302 i vår sende inn svar på undersøkinga.

På spørsmål om kor generelt nøgde dei er med NODI302, er det éin student som svarar ganske nøgd, tre som svarar verken eller, og to studentar som svarar anten ganske eller svært misnøgd.

På spørsmål om kor nøgde dei er med organisering og informasjon om undervisninga, er det tre som anten er svært eller ganske nøgde, og tre som anten er ganske eller svært misnøgde.

Éin student seier at pensum er for stort, medan dei fem andre seier det er passe. Alle seks hevdar at vanskegraden på pensum er passeleg.

Om korleis dei opplevde balansen mellom forelesing, diskusjonar og oppgåver på emnet, er det tre som svarar ganske god og tre at han er svak.

Når studentane vert spurde om kva i undervisninga eller organiseringa dei er spesielt nøgde med, peikar dei blant anna på at det er fagleg sterkt, at det er spennande og interessante tema som er relevante for dei, og at undervisarane på emnet har gjort ein god jobb. Dei peikar også på døme på forelesingar som var særleg engasjerande og lærerike. Dessutan vert det drege fram at arbeidskravet med video fungerte godt.

Misnøya som kom fram i den kvantitative delen av spørjeskjemaet, ser ut til å vera mykje frustrasjon rundt semesteroppgåva (som ikkje er så uventa sidan studentane var i sluttfasen med denne oppgåve då dei fekk utdelt dette evalueringsskjemaet. Det kan også vera med å forklara at berre ein tredel av kullet i det heile har svara på evalueringa.)

Studentane vert spurde om det er noko dei har blitt dyktigare til etter at dei har teke NODI302, kan, dvs. når både teori og praksis er gjennomført, og dei kan blant anna peika på at dei er blitt meir observante på det munnlege i klasserommet, og at dei veit meir om korleis læring oppstår i eit sosiokulturelt læringsmiljø. Prosess-skriving er også nok dei har sett og hatt nytte av både i teori og praksis.

På spørsmål om det er noko dei saknar, vert det sagt at det gjerne kunne vore endå meir forskingsbasert undervisning om dei ulike teoretikarane i tillegg til meir empirisk forsking og teoriretta oppgåver. Det kjem også eit konkret forslag om at ein kunne prøvd å få til ein felles workshop med PEDA123 som kan bidra til gode refleksjonar og ha meirverdi i praksis.

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Sjølve undervisninga på kurset NODI302 ser det ut til at studentane stort sett er nøgde med. Det er kort og intenst sidan ein vert ferdig med denne delen før dei går ut i langpraksis.

Det er ein del misnøye med når semesteroppgåva skal koma ut. Dei får alt ved semesterstart vita at denne oppgåva kjem ut medan dei framleis har att nokre dagar i praksis, men det er først når det skjer, at dei reagerer på det. I år vart innleveringa lagt til 18. mai, og det er det også reaksjonar på, Det kjem elles forslag om at faget kunne vore eit blokkfag, slik at dei ikkje har noko arbeidstrykk under praksis. Me har i praksis nesten fått dette til alt, for all undervisning i emnet er ferdig før dei går ut. Mange er også ferdige med arbeidskravet sitt (videopresentasjon) før dei går ut i praksis, så det er eigentleg berre semesteroppgåva att, og det er verken realistisk eller ønskjeleg at ein skal kunna gjera den ferdig også før dei går ut i langpraksis to veker før vinterferien. Det som kunne vore endra, er at dei fekk utdelt semesteroppgåva i byrjinga av semesteret. Men om studentane då hadde følt på at dei kunne konsentrera seg berre om praksis då, er eit anna spørsmål. Det som vart noko uheldig i vår, var at det vart lagt ut ei kunngjering der det stod ei veke feil (altså kortare frist) på når semesteroppgåve skulle koma ut, enn det som var reelt. Denne feilen vart først oppdaga og retta fire dagar seinare, då ein student spurde når oppgåva skulle koma ut. Det at arbeidstrykket er svært stort for desse studentane rett etter at praksisperioden er slutt, er noko som har gått att i evalueringane kvart år. Studentane som har kommentert, seier likevel at tilbakemeldingane dei fekk på førsteutkastet, var nyttige, gode og til hjelp for den vidare skrivinga

Semesteroppgåva som fungerer meir som ei heimeeksamensoppgåve enn ei semesteroppgåve, viser også i år å vera eit krevjande prosjekt for mange studentar. Det prosessorienterte løpet med obligatorisk rettleiing på eit førsteutkast, er likevel ei god løysing. Det står no att berre eitt kull som skal ha dette kurset, som vil gå for siste gong, etter gamal modell, våren 2027. Me får då prøva å vera endå tydelegare i starten og undervegs kva krava til ei slik semesteroppgåve er, prøva å skjerma alle fridagar både undervegs og ved innlevering av oppgåva og vera sikre på at alle kunngjeringar me sender ut, er kvalitetssikra.

Bergen, 29. juni 2026

Ragnhild Lie Anderson

- emneansvarleg NODI302, våren 2026